



Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	15.09.2025

Regulering av fisket etter lodde i Barentshavet i 2026

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde i sitt møte 08.-09.09.2025, og fatta følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag krev at det blir sett inn tilstrekkeleg med ressursar frå Havforskningsinstituttet si side, slik at ein får eit mest mogeleg rett bilde av innsiget når loddar kjem inn for å gyte vinteren 2026 (fleire tokt grunna ulike innsig aust/vest).

Styret forutset at det blir opna for fiske i 2026. Det bør uansett vere eit minimumsuttak kvart år for å oppretthalde konsummarknaden.

Kystgruppa

Styret i Sør-Norges Fiskarlag viser til at Norges Fiskarlag over lengre tid har bede om at kystgruppa blir lukka utan at ein har fått gjennomslag i forvaltinga. Styret viser til pressemelding av 15.09.2024 frå Nærings- og fiskeridepartementet der dei opplyser at ein har bede Fiskeridirektoratet vurdere framtidig regulering av kystgruppa sitt fiske etter lodde i Barentshavet. Fiskeridirektoratet har svara 04.04.2025 ved å anbefale at ein ikkje lukkar fisket etter lodde for kystgruppa. Fiskeridirektoratet har føreslege følgjande rulleringsordning:

Utseilingsrekkefølgen i 2027 avgjøres på grunnlag av utseilingslisten i 2026. Fartøy som ikke var påmeldt i 2026, plasseres nederst på listen. Utseilingsrekkefølgen mellom nypåmeldte fartøy avgjøres ved loddtrekning som gjennomføres av Fiskeridirektoratet etter påmeldingsfristens utløp. Grunnlaget for å delta er identitetsnummeret til det enkelte majoritetseier i det deltakende fartøy, slik det er registrert i Fiskeridirektoratets fartøyregister.

Fartøy som i 2026 fikk tilbud om utseiling før eller på [SISTE UTSEILINGSDATO] (eller som ikke var påmeldt fiske i 2026) plasseres nederst på utseilingslisten for sesongen 2027. Fartøy som fikk tilbud om å delta etter denne datoen, beholder sin plass på listen.

Fartøy som får tilbud om å delta etter siste utseilingsdato, har en frist på 24 timer til å takke ja til utseiling og en frist på 72 timer til å ta utseiling. Dersom fristene ikke overholdes, går tilbudet videre til neste fartøy på listen

Norges Sildesalgslag administrerer utseilingen.

Styret **finn å kunne slutte seg til** Fiskeridirektoratet sitt forslag til rulleringsliste sidan Norges Fiskarlag ikkje har fått gjennomslag for lukking.

Styret meiner at det må setjast ein kvote som gjev deltakande fartøy ein rimeleg økonomi for å delta i loddefisket. Styret meiner at ein bør vurdere om ein skal ha differensierte kvotar t.d.;

Største lengde -14,99 m-100 t, 15-20,99 m-200 t og 21 m – 300 t eller

Største lengde -20,99 m-150 t og 21 m-300 t

Ringnot

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner at gruppa skal regulerast som tidlegare år der alle kan delta og at ein nyttar universalnøkkelen for utrekning av fartøykvote.

Trål

Gruppa må avgrensast til fartøy på over 500 m³ med loddetråltillatelse.

Styret i Sør-Norges Fiskarlag ser det som unødvendig med påmeldingsfrist for trålgruppa og elles regulerast som tidlegare år.

Kvotebyteordning i havfiskeflåten

Styret i Sør-Norges Fiskarlag tilrår at det blir opna for kvotebyteordning i 2026 for ringnot- og trålgruppa, slik som tidlegare år. Detaljane må utformast i tett dialog mellom Fiskeridirektoratet og næringa.

4 nautiske mil frå grunnlinja – stenging av område mv

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner at loddefisket må kunne vere ope innafor 4 nautiske mil så lenge det ikkje hindrar anna fiskeri, eller at det er uønska innblanding av andre fiskeslag. Kriteria for å stenge område på grunn av innblanding av torsk i loddefangstar må vurderast på nytt, slik at ein får eit meir fornuftig nivå på bifangst.

Forvaltinga må vere operativ 24/7 slik at ein effektivt kan foreta justeringar av stengte område.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo

Kopi: Nord Fiskarlag
Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.